



**Ver snille å
IKKJE gå inn
i huset!**

*Steingrimsteigen ca 1912.
fv: Lisbet med dottersonen
Viking på fanget, Knut,
Rannveig Selland?,
Gjertrud Selland, Anna
Selland? (f. Havås) og Marta
Havås (f. Steingrimsteigen).*

Foto: Johan Havås.

Steingrimsteigen gnr. 110 i Granvin Herad.

“Steingrimsteigen er eit lite selveiende gårdsbruk som ligger litt nordenfor Selland. Stedet har fått sitt navn etter Steingrim som mest truleg dyrka/rydda her først.”

Teigen vart først skuldlagt i 1723 til 3 mark, slåttejord. Teigen var eigd av Havås og Selland på deling og var stor nok til å fø ei kyr og eit ungfe. Frå 1723 fram til 1893 har garden hatt ulike eigarar, stort sett folk frå Selland eller frå Havås.

Knut Knutsen Rekve kjøpte Steingrimsteigen i 1893 av Olav Oddmundsen Hus for kr. 1200.

Knut var ein dyktig gråsteinsmurar. Han var født på gården Rekve på Voss, og var gift med Lisbet Sjursdatter Folkedal. Før dei flytta til Steingrimsteigen budde dei i Folkedal.

Knut og Lisbet fekk dottera Marta 1878. Ho overtok Steingrimsteigen 1930.

Marta gifta seg med botanikar og lavforskar Johan Havås i 1921.

Dei fekk borna Viking 1909 og John Kåre i 1923.

Viking var den siste som budde i Steingrimsteigen, han døyddde i 1958.

I dag (2022) er det Liv Borghild Havås som eig Steingrimsteigen.

Det ein ser i dag:

I dag kan ein sjå murane av bustadhuset og uthusa. Ein kan og sjå solide flotte gråsteinmurar fleire stader på eigedomen spesielt langs elva. På eigedomen finn ein og nokre av dei største grantrea i Granvin Herad. Mest truleg er dei planta av Johan Havås som kan ha fått plantane frå planteskulen på Ystås (etablert ca. 1900).

Vegen opp:

Før i tida var det bru over elva over til Selland sin eigedom. Det var og veg opp via Sellandsteigen. Det har sannsynlegvis og gått ein veg til Nesheim.

Kjelder: Ættarbok for Granvin: Henrik Meyer Kvaem. Granvin i fortid og nutid: O. Olafsen. Av mitt Liv og Min tid: Th. Haukanes. Johan Havås fjellbonde og Vitskapsmann: Sevrin Kjerland og Hans S Haugse. Muntlege kjelder: Arne Jørgen Havås.



Steingrimsteigen og Taskjelle (øverst)